

---

Referent: Matti Torgersen  
Dato: 27.01.2021

---

Emne:	Krav til søknad om forlenging av Askøypakken - Møtereferat	
Til stades:	Jan-Tore Knudsen Brita Bye John Martin Jacobsen Beate Mæsel Kari Beate Onarheim Rogn Jorunn-Elisabeth Stavø Matti Torgersen	
Forfall:		Sak: 2020/71396 - 13
Møtetid:	26/1-2020	Møtestad: Teams

Samferdselsdepartementet har i brev datert 12 januar opna for moglegheita av å søkje om forlenga innkrevjing i Askøypakken med inntil 5 år for å kunne finansiere heile porteføljen i pakken. Det går fram av brevet at det ikkje er gjort endeleg avgjerd om forlenging. For å avklare krav til dokumentasjon og framdrift for ein søknad, bad Vestland fylkeskommune (VLFK) om avklaring frå Myndigheit og regelverk i Vegdirektoratet.

Føresetnadane om trafikk og finansiering frå Prop. 197 S (2012-2013) «Delvis bompengefinansiering av Askøypakken i Hordaland» er endra. Vegdirektoratet legg difor til grunn at det må utformast ein ny søknad om bompengefinansiering som både omfattar restperioden fram til 2028 i eksisterande pakke, og perioden 2028-2033. I arbeidet med søknaden føreset Vegdirektoratet at «veilederen for bompengeprojekt» blir lagt til grunn. Om det vert fremja ein søknad i inneverande år, kan ny pakke starte opp i 2021. Dette medfører at pakken vil kome opp i over 1 mrd kr som er grensa for å krevje KS2 (ekstern kvalitetssikring) av finansieringsgrunnlaget. Det er uavklart om denne pakka som er ei forlenging av eksisterande pakke må gjennomgå KS2 for finansieringsopplegget. Det er inga einskildprosjekt som er over terskelverdien for KS2 av einskildprosjekt (også 1 mrd kr), slik at det ikkje er behov for KS2 av prosjekta i pakken.

Vegdirektoratet peikte på moglegheita for å avvente med å utarbeide ein ny søknad til slutten av gjeldande bompengeperiode,. Det vil også bidra til å redusere storleiken på bompengelån og gje større tryggleik for inntektsgrunnlaget i pakken. Ulempa med dette er at det vil føre til ytterlegare utsetjing av realisering av den resterande delen av porteføljen. For fleire av dei resterande prosjekta er det nyleg godkjente reguleringsplanar. Ei utsetting i tid vil og føre til at ein må bygge ned den lokale byggherreorganisasjonen for Askøypakken. Det vil også vere ei usikkerheit om forlenging av pakka blir lagt fram for Stortinget og godkjent. Det er opp til fylkeskommunen saman med kommunen å ta stilling til når ein pakke skal leggast fram.

Det må utarbeidast eit fagleg grunnlag som grunnlag for bindande vedtak i kommunestyret og fylkestinget. Den må ha følgjande element

- Det må utarbeidast eit trafikknotat med trafikkgrunnlaget for ny pakke Om det ikkje blir lagt til grunn endring i bompengeplassering eller i gjennomsnittstakst, vil det vere relativt sett låg usikkerheit for trafikkgrunnlaget. Det vil difor truleg ikkje vere behov for nye RTM-utrekningar.
- Omtale av prosjektportefølje med mest mogleg oppdaterte kostnadsoverslag.
- Finansieringsanalyse med takst og rabattsystem og følsomheitsanalyse.

av 2

- Prinsipp for porteføljestyring av pakken må avklarast. Bygging av dei siste delane av pakka må vente til ein er rimeleg trygg på at inntektene i pakka kan dekkje prosjektkostnadene for å sikre at fylkeskommunen sitt garantiansvar ikkje vert løyst ut.

Fylkeskommunen må i tillegg gjere vedtak om auka garantibeløpet til pakken.

Etter ny politisk handsaming i kommunen og fylkeskommunen må VLFK utarbeide utkast til tekst til stortingsproposisjon som går til Vegdirektoratet for kvalitetssikring. Etter kvalitetssikring i Vegdirektoratet vil proposisjonsutkastet kunne sendast til Samferdselsdepartementet som legg saka fram for Stortinget.

Fylkeskommunen er i dialog med Askøy kommune om prosessen med ein ny bompengesøknad. Om det blir semje om å fremje søknad no, vil fylkeskommunen arbeide for å leggje fram sak med parallell handsaming i kommunestyret og i fylkestinget i juni i inneverande år.

Kopi: Askøy kommune